

Kjenneteikn på den profetiske generasjonen

1

OPENBERRING AV GUD PÅ KONGSTOLEN

Profetane hadde ofte syner og sterke opplevingar der dei vart overvelda av kven Gud er. Jesaja såg Gud sitja på kongstolen medan serafane song heilag, heilag, heilag. Han såg Gud på kongstolen. Han såg Guds herlegdom. Han såg Guds trufaste paktsnatur. Dette møtet med Den Heilage merkte han for livet og kjenneteikna heile hans profetiske teneste.

Den fyrste staden i Bibelen kor ordet profet er nemnd er i 1.Mos.20,7 der Gud kallar Abraham for profet. I ei fotnote til dette verset står det at ordet profet stundom vert nytta i vid tyding om eit menneske som står Gud nær og skal gå ærend for han. Dette er for meg den mest grunnleggjande forståinga av kva det er å vera profetisk. Det er å leva så nært til Gud at me kan gå ærend for han. Ein profetisk generasjon er då ein generasjon av ærendsgutar, folk som kjenner Gud og representerer Gud i det dei seier og gjer. Desse folk vil vera kjenneteikna av:

Den nye profetiske generasjonen som Gud reiser opp i desse dagane vil ha ei openberring av Guds rike, av Guds styre, av Jesu Kristi Herredøme. Difor vil dei ikkje vera hekta på ting. Dei vil vera fokusert på Jesus. Dei vil vera fokusert på Guds vilje. Dei vil leva i openberringa av Gud som Konge. Dei vil leva under Jesu Herredømme og gjera det klart for alle at Jesus er Herre over alle og på alle område i livet. Me er profetiske i den grad me gjer det Gud vil!

2

TEK GUDS ORD PÅ ALVOR

Mest alle bøkene til profetane i Bibelen tek til med desse orda: Herrens ord kom til dei. Såp vert det nemnd kva tid dei levde i og når Ordet frå Gud kom til dei. Gud talte med andre ord inn i ei historisk stode, inn i ein samanheng, inn i eit samfunn, til eit folk. Herrens ord kom til profetane og dei tok ordet frå Gud på alvor. Me finn mange uttrykk som stadfestar dette: Gud har talt. Dette er det Gud seier. Slik lyder ordet frå Guds munn. Både i Det gamle og Det nye testamentet seier Gud til profetane sine: Et denne boka!¹ Då dei hadde ete dei profetiske skriftene vart dei bedne om å tala profetisk til andre.

Den nye profetiske generasjonen tek til seg Guds ord. Dei les og mediterer på Guds ord for å ta til seg åndeleg næring. Dei fyller seg med Guds ord og difor kjenner dei Guds vilje. Dei granskar dei profetiske skriftene og forkynner Guds ord til folk og ikkje moderne psykologi eller menneskemeiningar. Dei skriv ned synene, visjonane og draumane sine som dei får frå Gud. Dei gjer desse no orda frå Gud kjende gjennom alle tilgjengelege media. På denne måten hjelper dei folk å sjå at det Gud seier i Bibelen gjeld i dag og må takast på alvor i levd liv.

1. Esek 3:1-4, Op 10:9-11



3

STÅR PÅ VAKT – LEVER VAKNE

Fleire stader er profetane omtalt som vaktmenn. Dei har to funksjonar. Den eine er å åtvara folk som bryt Guds lov ved å fortelja dei om fylgjene av livsførsla si ved å gjera Guds dommar kjende for dei.² Den andre funksjonen er å fortelja til Guds folk kva Gud gjer, kor Gud arbeider og kva folket må gjera med dette.³ Profeten Habakuk sa han ville stå på vakt, stella seg på post og speida for å sjå kva Gud gjer og seier. Gud svarer han med ein gong og seier han skal skriva opp synet og gjera det enkelt å forstå så folk kan handla på det.

Den nye profetiske generasjonen står på vakt og lever vakne. Dei søker alltid Herren. Dei vender hjarte og sjel til Gud og har opne auger og øyrer så dei både ser og høyrer Gud i kvardagen. Dei er folk som er vakne og fylgjer med i det som skjer rundt dei. Dei både åtvarar og oppmuntrar folk, alt etter kva Gud seier og gjer.

2. Esek 3

3. Jes 52:8, 62:6-7

4

ER TEIKN OG FØREBILETE

Det er profeten Jesaja som seier dette om seg sjølv og dei profetiske sønene sine. Jesaja og dei fleste profetane i Bibelen profeterte ikkje berre med ord, men også med livet sitt. Dei måtte ofte betala ein høg pris ved å leva annleis og syna i kvardagen kva Gud sa til folket sitt. Dei levde ein profetisk livsstil som var utfordrande for samtida. Dei gjorde også mange profetiske stunt, punktmarkeringar og demonstrasjonar for å synleggjera ordet frå Gud.

Den nye profetiske generasjonen vil leva eit profetisk og utfordrande liv. Dei vil skilja seg ut på ein god måte. Dei vil vera teikn, varsel og førebilete med si heilhjarta overgjeving til Herren og si radikale etterfylging av Jesus. Dei vil vera lys og salt i si samtid og sitt nærmiljø. I våre mørke dagar skal det ikkje så mykje til å vera lys i verda. Å leva eit normalt kristenliv etter Bibelsk standard er å vera profetisk i våre dagar. Kristne harmoniske ekteskap og heimar er profetiske førebilete med stor verknad.



5

TEK ANSVAR OG STELLER SEG I GAPET

Profetane var aldri passive tilskodarar som klaga over kor ille det stod til i samfunnet. Dei kunne forkynna Guds dom over folk og nasjonar, men oftast tok dei ansvar for folk og land ved å gå i forbønn for dei som var råka av dommen. Profeten Moses er eit godt døme på dette. Israelsfolket vekte Guds vrede mange gongar, men Moses gjekk i mellom, stelte seg i gapet, bad inderleg til Gud for dei, og berga dei frå Guds dom. Profeten var ein ulastande mann kom raskt til hjelp. Han kjempa for folket med dei våpen som var gjeve han i hans teneste: forbønn og sonande røykjelse, slik forsvarte han dei mot Guds vrede og gjorde ende på ulukka, så det vart tydeleg for alle at han var din tenar. Ikkje med store krefter og ikkje ved våpenmakt overvann profeten Guds beiske harme, nei, bare ved eit ord overvann han han som straffa. Han minna han om lovnadene og paktene som var gjevne til fedrane.⁴

Profeten Esekiel syner oss Guds hjartesukk med desse orda: Eg leita mellom dei etter ein mann som kunne tena meg med å byggja opp muren og stella seg i rivnene til forsvar av landet, så det ikkje skulle verta øydelagt. Men eg fann ingen.⁵

Den nye profetiske generasjonen Gud reiser opp tek ansvar ved å gå i forbønn for folk og nasjonar. Dei steller seg i gapet til forsvar for landet så dei kan vera med å byggja landet med gode lover, for elles vil ulover øyda det. Gud har inga ynskje om å straffa, men han ynskjer å berga menneske. Difor reiser han opp ein ny profetisk generasjon som tener han ved

å stella seg i gapet, stella seg i rivnene, ta plass der alt er nedrive og øydelagd for å berga og gjenreisa nasjonen til lydnad og tru. Profetiske folk er folk som ber. Profetiske folk er folk som legg livet sitt ned for å berga andre.

Den nye profetiske generasjonen gjev ikkje rom for skilje mellom Guds folk på grunn av alder eller kjønn. Dei tenkjer ikkje i mann og kvinne eller unge og gamle, dei ser seg alle som Guds tenarar, utrusta av Den Heilage Ande til å gjera Guds vilje og tena Guds plan i si levetid, hand i hand, skulder ved skulder.

ERLING THU
ERLINGTHU@GMAIL.COM

4. Ordt 18:20-22

5. Esek 22:20